UTDANNINGS FORBUNDET

Er læreplanen LK20/LK20S innført i norsk skule?

Lærarar si vurdering

Rapport 3/2024

Er læreplanen LK20/LK20S innført i norsk skule?

Lærarar si vurdering

Rapport 3/2024

Utgjevar: seksjon for samfunn og analyse, august 2024

Saksansvarleg: Ida Utmo

Denne publikasjonen er utarbeidd i seksjon for samfunn og analyse i Utdanningsforbundet sitt sekretariat.

Publikasjonen er forankra i politikken og verdigrunnlaget til Utdanningsforbundet, men er ikkje behandla i dei politisk ansvarlege organa i Utdanningsforbundet før han vert offentleggjort.

Foto omslag: Aksel Jemstad

Utgiver: Utdanningsforbundet
Postboks 9191 Grønland,
0134 Oslo
Tlf. 24 14 20 00
post@utdanningsforbundet.no

Innhaldsliste

Samandrag 4

Digitale eller papirbaserte læremiddel? 4

Får lærarane læremidla dei ønsker seg? 4

Kor tilgjengelege er læremidla for elevar som treng det? 4

Summary in English 6

Can Teachers Choose Learning Materials Freely? 6

Are the Learning Materials Accessible for All Students? 6

1. Bakgrunn og føremål 7

2. Om undersøkinga 8

Usikkerheit 8

3. Resultat 9

Er LK20/LK20S omsett til praksis? 9

Korleis har det vore å omsetje LK20/LK20S til praksis? 10

Har leiinga lagt til rette for diskusjonar i lærarkollegiet? 11

Har skulane ei felles forståing av sentrale omgrep frå LK20/LK20S? 11

Er Utdanningsdirektoratet sine støtteressursar tekne i bruk? 12

Er det gjennomført utviklingsarbeid med LK20/LK20S som tema? 13

Har skulen teke seg tid til å evaluera arbeidet med LK20/LK20S undervegs? 16

Kva må til for å lukkast med LK20/LK20S? 17

Har ein fått fornya læremidla? 19

Digitale eller papirbaserte læremiddel? 19

Står lærarane fritt til å velje mellom digitale og papirbaserte læremiddel? 22

Kor tilgjengelege er læremidla for elevane? 22

Kva elles er det lærarane saknar i arbeidet med LK20/LK20S? 26

Litteratur 27

Samandrag

Sidan innføringa av Læreplanverket Kunnskapsløftet, forkorta LK20/LK20S, har det vore variasjon i kor langt skulane er kome i arbeidet med å gjere om LK20/LK20S til praksis. Utdanningsforbundet har sidan 2021 følgt med på korleis dette arbeidet har føregått gjennom årlege undersøkingar til Utdanningsforbundets arbeidsplasstillitsvalde i grunnskulen og vidaregåande skule. Ein slik undersøking er også gjennomført i 2024. I tillegg er det i år sendt ut ei undersøking til lærarar i grunnskulen og i vidaregåande skule som er medlemmer av Utdanningsforbundet. Dette gjer at me kan få innsikt i korleis det pågåande arbeidet opplevast av lærarane direkte.

Svara frå lærarane tyder på at nokre skular har hatt vanskar med å få tak i fornya læremiddel, imens andre har hatt oppdaterte læremiddel frå eit tidleg tidspunkt. Over tid har me sett at fleire og fleire skular har fått moglegheit til å oppdatere læremidla. Halvparten av lærarane i undersøkinga melder om at ein har oppdaterte læremiddel for sine fag, samstundes som det er heile 28 prosent av lærarane som svarar at ein ikkje har oppdaterte læremiddel. Læremidla er fornya i minst grad i grunnskulen samanlikna med i vidaregåande skule.

Digitale eller papirbaserte læremiddel?

Undersøkinga kartlegg fornying av læremiddel og fordelinga mellom digitale eller papirbaserte læremiddel. I grunnskulen er det digitale læremiddel som i hovudsak vert prioriterte ved innkjøp. Dette samanfell med tidlegare funn frå undersøkingane til Utdanningsforbundet. I vidaregåande skule er prioriteringa motsett, der det i hovudsak er kjøpt inn papirbaserte læremiddel.

Får lærarane læremidla dei ønsker seg?

Resultata frå denne undersøkinga viser at skulen sine innkjøp av læremiddel ikkje samsvarer med kva lærarane ønsker seg av digitale og/eller papirbaserte læremiddel. Flest (53 prosent) svarar at dei ønsker seg ei 50/50-fordeling, men begge deler er ikkje tilgjengelege for alle lærarar i alle fag. Nærmare halvparten svarar at ein står fritt til å velje type læremiddel. Lærarar frå vidaregåande står friare til å velje læremiddel enn lærarane i grunnskulen. På den andre sida er det 34 prosent av lærarane totalt som svarar at dei i liten eller i svært liten grad står fritt til å velje læremiddel.

Kor tilgjengelege er læremidla for elevar som treng det?

Undersøkinga ser også på kor tilgjengelege læremiddel er for elevane ved skulen. Over halvparten av lærarane svarar at dei ikkje har tilgjengelege læremiddel for elevar som har samisk som første- eller andrespråk. Det er også ein stor del som ikkje veit om dette er tilgjengeleg for sine elevar. Vidare er det 23 prosent av lærarane som har elevar med nynorsk som hovudmål, som seier at dette i liten eller i svært

liten grad er tilgjengeleg. Til slutt vert lærarane spurde om tilgjengelegheita på læremiddel som er spesielt tilrettelagde for elevar. 38 prosent svarer at dette er tilgjengeleg i ganske eller i svært liten grad, imens 35 prosent av lærarane svarer at dette var tilgjengeleg for elevane som trengte dette.

Summary in English

The new curriculum that was introduced in 2020 has been implemented at different rates across schools. Some schools have struggled to acquire updated teaching materials, while others have had them from early on. Gradually, more and more schools have gotten their teaching materials updated. Union of Education Norway has sent out a survey to members that are teachers in primary-, lower- and upper secondary schools to map the situation. In 2024, half of the teachers say that they have updated teaching materials for their subjects, but there are still 28 percent of teachers who lack updated teaching materials. The primary and lower secondary schools have the lowest renewal rate of teaching materials compared to upper secondary schools.

Can Teachers Choose Learning Materials Freely?

The school's purchases of teaching materials do not match what the teachers prefer in terms of digital and/or paper-based teaching materials. The most common preference (53 percent) is a 50/50 distribution, but this is not an option for all teachers in all subjects. Almost half say that they can choose the type of teaching materials. Upper secondary school teachers have more freedom to choose teaching materials than primary and lower secondary school teachers. However, there are 34 percent of teachers in total who say that they have little or very little freedom to choose teaching materials.

Are the Learning Materials Accessible for All Students?

The survey inquiries about the availability of teaching materials for students. Over half of the teachers indicate that they lack appropriate teaching materials for students who have Sami as their first or second language. A large share also does not know whether their students have this access. Furthermore, 23 percent of the teachers who have students who write Nynorsk report that this is scarce or very scarce. The teachers were also asked about the availability of teaching materials that are specially designed for students who require them. 38 percent report that this is limited or very limited, while 35 percent of the teachers say that the students who needed it had access to this.[1]

[1] This summary in English is made with the AI-tool Microsoft Copilot. The content is quality-checked by the Union of education Norway.

1. Bakgrunn og føremål

Nytt læreplanverk (LK20/LK20S) vart teke i bruk frå hausten 2020. Overordna del av læreplanverket gjeld alle fag og vart innført for alle trinn skuleåret 2020–2021, imens læreplanane for dei forskjellige trinna gradvis vart innførd gjennom perioden fram til 2023. [2] Sidan den gong har Utdanningsforbundet følgt utviklinga gjennom årlege spørjeundersøkingar (jf. litteraturlista).

Utdanningsforbundet sine fire tidlegare undersøkingar visar at det er utfordrande å få tak i både digitale og analoge læremiddel. I tillegg opplever mange lærarar at det varierer kor stor innverknad ein har på val av læremiddel. I undersøkingane blir det vist at det framleis er rom for meir involvering i innkjøps-prosessar ved skulane. I tillegg har Utdanningsforbundet sine tidlegare undersøkingar, som har innhenta data frå arbeidsplasstillitsvalde, vist at skulane i ulik grad har hatt moglegheit til å drive utviklingsarbeid med LK20/LK20S som tema.

I denne femte undersøkinga gjennomført vinteren 2024 har me stilt spørsmål til lærarane om arbeidet med LK20/LK20S. Undersøkinga tek føre seg korleis LK20/LK20S er gjort om til praksis på skulane og i lærarane si undervisning. Lærarane har også svart på spørsmål om læremiddelsituasjonen og tilgjengeleg-heita på oppdaterte læremiddel etter LK20/LK20S. I tillegg vert lærarane spurt om dei har ei felles forståing av LK20/LK20S sine sentrale omgrep, og om kollegiet har fått arbeidd med LK20/LK20S i utviklingsarbeid. Dei vart også spurde om kva lærarane tykkjer at må prioriterast for å lukkast med LK20/LK20S.

[2] Innføring og overgangsordninger for nye læreplaner | udir.no

2. Om undersøkinga

Undersøkinga vart gjennomført i tidsrommet 29. januar–12. februar 2024. Den blei sendt ut som ei nettundersøking til 6999 av Utdanningsforbundet sine medlemer i grunnskule og vidaregåande skule. Av desse svarte 1040 medlemer på undersøkinga. Ni av desse viste seg å vera utanfor målgruppa, fordi dei ikkje jobba som lærarar i grunnskulen eller på vidaregåande skule. Med desse trekt ifrå gir det ein svarprosent på 15 prosent. Dette er ein låg svarprosent samanlikna med tidlegare undersøkingar som har blitt sendt ut til tillitsvalde. Låg svarprosent er ikkje i seg sjølv eit problem så lenge talet på respondentar er høgt. Det som i større grad kan vera ei utfordring er viss det er store skilnadar mellom dei som vel å svare og dei som ikkje gjer det. Me har ikkje indikasjonar på at det er slike skilnadar. Snarare er det samsvar i funna frå tidlegare undersøkingar som er gjort bland tillitsvalde. Ein skal likevel vera varsam i tolkingane av dataa grunna svarprosenten, sidan ein ikkje har identiske spørsmål til dei to ulike gruppene. Alle samanhengar eller skilnader mellom skuletype som kommenterast i undersøkinga er statistisk signifikante.

Usikkerheit

Det vil alltid vera noko statistisk usikkerheit i forbindelse med ei slik utvalsundersøking, ettersom me ikkje har henta inn svar frå heile populasjonen. I tillegg til svarprosenten har storleiken på utvalet og svarfordelinga ei betyding for kor treffsikre resultata er. Eit lite utval der dei fleste svarar det same vil for eksempel kunne ha mindre feilmarginar enn eit større utval der respondentane svarar ulikt. For å overføra dette til vår undersøking, vil eit utval på 1040 respondentar der 95 prosent er einig i ein påstand og 5 prosent er ueinig, ha ein feilmargin på 1,4 prosentpoeng, gitt at utvalet ikkje er skeivt. Det betyr at ein med 95 prosent sannsyn vil kunne seie at mellom 93,6 og 96,4 prosent er einige i påstanden. Dersom 50 prosent av respondentane er einige og 50 prosent er ueinige, vil feilmarginane ligge på 3,1 prosent-poeng. Tabellen nedanfor viser feilmarginar for utvalsundersøkingar.

Tabell 1. Feilmarginar i eit uendelegheitsunivers etter utvalsstorleik og delar.

Utvalg	95(5)	90(10)	85(15)	80(20)	75(25)	70(30)	60(40)	50(50)
100	4,3	5,9	7	7,6	8,5	9	9,6	9,8
200	3,0	4,2	4,9	5,4	6,0	6,4	6,8	6,9
300	2,5	3,4	4,0	4,4	4,9	5,2	5,5	5,7
400	2,1	2,9	3,5	3,8	4,2	4,5	4,8	4,9
500	1,9	2,6	3,1	3,4	3,8	4,0	4,3	4,4
600	1,7	2,4	2,9	3,1	3,5	3,7	3,9	4,0
700	1,6	2,2	2,6	2,9	3,2	3,4	3,6	3,7
800	1,5	2,1	2,5	2,7	3,0	3,2	3,4	3,5
900	1,4	2,0	2,3	2,5	2,8	3,0	3,2	3,3
1000	1,4	1,9	2,2	2,4	2,7	2,8	3,0	3,1
1500	1,1	1,5	1,8	2,0	2,2	2,3	2,5	2,5
2000	1,0	1,3	1,6	1,7	1,9	2	2,1	2,2
2500	0,9	1,2	1,4	1,5	1,7	1,8	1,9	2,0
3000	0,8	1,1	1,3	1,4	1,5	1,6	1,8	1,8

3. Resultat

Nytt læreplanverk (LK20/LK20S) vart teke i bruk hausten 2020. Sidan den gong har Utdanningsforbundet følgt utviklinga gjennom årlege spørjeundersøkingar sendt ut til arbeidsplasstillitsvalde. Undersøkingane viste at det var ulikt kor raskt skulane kom i gong og kor omfattande dei har arbeidd med innføringa av nytt læreplanverk. Siste undersøking blant tillitsvalde, gjennomført vinteren 2024, viste at det er 71 prosent av dei arbeidsplasstillitsvalde som vurderer at LK20/LK20S er innført i ganske eller i svært stor grad ved deira skule.

Når det gjeld læremiddel, har undersøkingane vist at mange skular hovudsakleg har prioritert innkjøp av digitale læremiddel, trass i at lærarane sjølv ønsker å nytte både digitale og trykte læremiddel. Vidare viste undersøkingane at mange skular ikkje hadde økonomi til å kjøpa inn tilstrekkeleg med læremiddel. Det er ulikt i kor stor grad skulane har omgjort LK20/LK20S til praksis. I denne undersøkinga har me følgt opp dette og stilt spørsmål både om arbeidet med LK20/LK20S i skulen, forståinga av LK20/LK20S, fornying av læremiddel og friheita lærarane har til å velje læremidla for sine fag.

Er LK20/LK20S omsett til praksis?

Lærarane svara på i kva grad dei meiner at LK20/LK20S er omsett til praksis ved deira skule. 74 prosent av lærarane svarar at LK20/LK20S i ganske eller i svært stor grad er omsett til praksis ved deira skule. 18 prosent av lærarane svarar i verken stor eller liten grad på dette spørsmålet. 5 prosent av lærarane svarar at LK20/LK20S i liten eller i svært liten grad er omsett til praksis ved deira skule.

Tabell 2. I kva grad vurderer du at LK20/LK20S er omsett til praksis ved din skule?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 515)	1 %	5 %	21 %	55 %	16 %	1 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 515)	1 %	3 %	15 %	53 %	24 %	3 %	100 %
Totalt	**1 %**	**4 %**	**18 %**	**54 %**	**20 %**	**2 %**	**100 %**

191 lærarar valde å utdjupe svara sine. Det kan verke som nokon har arbeidd over tid med læreplanen og fortset dette arbeidet ved skulen:

> *Vi jobber kontinuerlig med det, og bruker utviklingstid til å bli enda bedre på det.*

Ein lærar svarar at det kan vera eit vanskeleg spørsmål for ein enkelt lærar å svare på vegne av dei andre lærarane.

> *Me har jobba systematisk med fagfornyinga. Men det er vanskeleg å sei kor mykje kvar enkelt lærar har jobba med fagfornyinga, som jo er svært viktig for å få det implementert.*

Andre lærarar beskriv at det kan vera utfordrande med det kontinuerlege arbeidet med læreplanen:

> *Vore god satsing på det for nokre år tilbake, men nye lærarar [...] har ikkje vore så stor grad i det.*

> *Vi jobbet med den litt i starten, usikker på hvordan de ulike lærerne jobber med den, det er lite faglig samarbeid på min skole (særlig hva gjelder langsiktig planlegging). Det blir mest fra uke til uke.*

Nokre lærarar greiar ut om at dei ikkje har fått så mykje tid som dei ønsker til å arbeide med læreplanen:

> *Nå har selvsagt læreplanen vært i bruk et par år, men vi har fått mindre tid enn jeg kunne ønske til å jobbe med den nye læreplanen i fagavdelingene (faglig arbeid).*

Korleis har det vore å omsetje LK20/LK20S til praksis?

Lærarane vart spurde om kor lett eller vanskeleg det har vore å omsette LK20/LK20S til praksis.
42 prosent totalt svarar at dei tykkjer at omsettinga har vore verken lett eller vanskeleg. 31 prosent av lærarane vurderte arbeidet som ganske eller svært vanskeleg å gjennomføre. På den andre sida vurderer 24 prosent av lærarane at det har vore ganske eller veldig lett. Når ein skil på skuletype er det fleire frå grunnskulen enn frå vidaregåande skule som svarar at det har vore vanskeleg å omsetje LK20/LK20S til praksis.

Tabell 3. Kor lett eller vanskeleg tykkjer du det har vore å omsetja LK20/LK20S til praksis?

	Veldig lett	Ganske lett	Verken lett eller vanskeleg	Ganske vanskeleg	Veldig vanskeleg	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 514)	2 %	18 %	44 %	31 %	4 %	2 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 515)	3 %	27 %	40 %	23 %	5 %	2 %	100 %
Totalt	**2 %**	**22 %**	**42 %**	**27 %**	**4 %**	**2 %**	**100 %**

Har leiinga lagt til rette for diskusjonar i lærarkollegiet?

Me antek at det er fordelaktig med ei leiing som legg til rette for diskusjonar for at lærarane skal kunne omsetje LK20/LK20S til praksis. Lærarane vart spurde om i kva grad leiinga har lagt til rette for diskusjonar i lærarkollegiet om sentrale omgrep i LK20/LK20S. Det vart eksemplifisert med omgrepa elevmedverknad, djupnelæring og dei tverrfaglege temaa. 66 prosent av lærarane svarar at dette leggast det til rette for i ganske eller i svært stor grad av leiinga. 17 prosent av lærarane svarar at det i ganske eller i svært liten grad har vorte lagt til rette for diskusjonar i lærarkollegiet frå leiinga.

Tabell 4. I kva grad har leiinga lagt til rette for diskusjonar i lærarkollegiet om sentrale omgrep i LK20/LK20S, som for eksempel elevmedverknad, djupnelæring og dei tverrfaglege temaa?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 514)	4 %	12 %	16 %	48 %	19 %	0 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 512)	4 %	13 %	17 %	46 %	18 %	2 %	100 %
Totalt	**4 %**	**13 %**	**17 %**	**47 %**	**19 %**	**1 %**	**100 %**

Har skulane ei felles forståing av sentrale omgrep frå LK20/LK20S?

I undersøkinga er det spurt om ulike omgrep som er sentrale for LK20/LK20S for å kartlegge korleis lærarane opplever at skulen har ei felles forståing av desse. Første omgrep er elevmedverknad. Her svarar 48 prosent at ein i stor eller i svært stor grad har ei felles forståing av omgrepet elevmedverknad ved deira skule. På den andre sida svarar 19 prosent at ein i liten eller i svært liten grad har ei felles forståing av omgrepet.

Tabell 5. Elevmedverknad er eit sentralt omgrep frå LK20/LK20S. I kva grad er det ei felles forståing av dette omgrepet ved din skule?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 511)	4 %	15 %	28 %	43 %	9 %	2 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 513)	3 %	16 %	28 %	39 %	9 %	6 %	100 %
Totalt	**3 %**	**16 %**	**28 %**	**41 %**	**9 %**	**4 %**	**100 %**

Det neste omgrepet er djupnelæring. 43 prosent av lærarane svarar at dei har ei felles forståing av omgrepet i ganske eller i svært stor grad. I den andre enden av skalaen svarar 20 prosent av lærarane at det ikkje er ei felles forståing av dette omgrepet ved deira skule. 33 prosent av lærarane svarar at ein i verken stor eller liten grad har ei felles forståing av djupnelæring.

Tabell 6. Eit anna sentralt omgrep er djupnelæring. I kva grad er det ei felles forståing av dette omgrepet ved din skule?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 515)	5 %	15 %	33 %	38 %	6 %	3 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 507)	4 %	16 %	33 %	35 %	7 %	5 %	100 %
Totalt	**5 %**	**15 %**	**33 %**	**37 %**	**6 %**	**4 %**	**100 %**

Å ha ei felles forståing av dei tverrfaglege temaa er viktig for å kunne realisera LK20/LK20S. 47 prosent av lærarane svarar at dei i ganske eller i svært stor grad har ei felles forståing av dei tverrfaglege temaa i LK20/LK20S. 22 prosent av lærarane svarar at dei i liten eller i svært liten grad har ei felles forståing av dette ved sin skule.

Tabell 7. I kva grad er det ei felles forståing av dei tverrfaglege temaa i LK20/LK20S ved din skule?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 514)	5 %	16 %	28 %	41 %	8 %	3 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 510)	5 %	18 %	29 %	37 %	8 %	4 %	100 %
Totalt	**5 %**	**17 %**	**28 %**	**39 %**	**8 %**	**3 %**	**100 %**

Er Utdanningsdirektoratet sine støtteressursar tekne i bruk?

Utdanningsdirektoratet har laga støtteressursar for skulane i arbeidet med LK20/LK20S. 49 prosent av lærarar på tvers av skuletype har teke i bruk desse. Det er fleire frå grunnskulen som svarar at dei nyttar støtteressursane (55 prosent) samanlikna med vidaregåande skule (43 prosent).

På tvers av skuletype er det 31 prosent som svarar at dei ikkje nyttar støtteressursane til Utdannings-direktoratet. 35 prosent frå vidaregåande svarar nei på dette samanlikna med 26 prosent av lærarane frå grunnskulen. Ein av fem lærarar kjenner ikkje til støtteressursane til Utdanningsdirektoratet.

Tabell 8. Har du teke i bruk støtteressursane om LK20/LK20S frå Utdanningsdirektoratet?

	Ja	Nei	Kjenner ikkje til desse	Totalt
Grunnskule (n: 514)	55 %	26 %	20 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 512)	43 %	35 %	22 %	100 %
Totalt	**49 %**	**31 %**	**21 %**	**100 %**

Dei som har teke i bruk støtteressursane fekk vidare spørsmål om dei tykkjer støtteressursane var gode. 41 prosent på tvers av skuletype tykkjer at støtteressursane er gode. 39 prosent av lærarane svarar at dei verken i stor eller liten grad tykkjer støtteressursane er gode. 19 prosent meiner at dei ikkje er gode å bruke i arbeidet med LK20/LK20S. Lærarane vurderer kvaliteten på støtteressursane likt på tvers av skuletype. Dette trass i at det er fleire i grunnskulen enn i vidaregåande skule som har teke desse i bruk.

Tabell 9. I kva grad tykkjer du at Utdanningsdirektoratet sine støtteressursar har vore gode?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 280)	3 %	14 %	40 %	38 %	2 %	3 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 221)	5 %	16 %	37 %	37 %	4 %	1 %	100 %
Totalt	**4 %**	**15 %**	**39 %**	**38 %**	**3 %**	**2 %**	**100 %**

Er det gjennomført utviklingsarbeid med LK20/LK20S som tema?

Vidare vart lærarane spurde om dei hadde delteke i utviklingsarbeid med andre lærarar på skulen deira. Dei fleste (82 prosent) av lærarane totalt svarar at dei har delteke i utviklingsarbeid om LK20/LK20S ved sin skule. 15 prosent svarar at dei ikkje har delteke i utviklingsarbeid i forbindelse med LK20/LK20S. 3 prosent svarar at dei ikkje veit om dei har delteke i eit slikt utviklingsarbeid.

Tabell 10. Har du i forbindelse med LK20/LKS delteke i utviklingsarbeid med andre lærarar ved din skule?

	Ja	Nei	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 511)	83 %	14 %	3 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 508)	81 %	16 %	2 %	100 %
Totalt	**82 %**	**15 %**	**3 %**	**100 %**

Lærarane som svara ja (jf. tabell 10), vart spurde om kva det vart arbeidd med i utviklingsarbeidet. 694 lærarar utdjupa svara sine. Det er stor variasjon i kva det er arbeidd med. Nokon har arbeidd med sentrale tema frå LK20/LK20S. Andre har sett på heile læreplanen samla, imens nokon har teke føre seg meir spesifikke delar. Nokre lærarar tok føre seg heile LK20/LK20S, kompetansemål eller konsentrerte seg om erfaringsdeling i utviklingsarbeidet:

> *Alle sider ved læreplanverket.*
>
> *Hvordan endre praksis i samsvar med nye læreplaner.*
>
> *Nedbryting av kompetansemål, hva passer å jobbe med på tvers av fag i forbindelse med temaperioder med tverrfaglig tema. Felles forståing. Hva er forskjell på ferdighet og kompetanse. Hva kommer først (grunnleggende ferdigheter).*
>
> *Erfaringsutveksling. Hospitering på andre skular.*

Andre arbeidde spesifikt med planar i utviklingstida:

> *Utvikling av årsplaner i fag, det å se på hva som kan videreføres av metoder og stoff, og hva som bør endres og tenkes nytt om. Hvordan omgrepene forstås i lys av et spesifikt fag.*
>
> *Prøve å lage felles kommunalt oppsett for årsplan/periodeplan, du vil ikke tro hvor mange timer som gikk med til dette, ingen tid igjen etterpå til å lage egne planer.*

Andre tok føre seg andre sentrale tema frå LK20/LK20S:

> *Lesing i fag.*
>
> *Yrkesretting av fellesfag/djupnelæring. Bærekraft.*
>
> *Elevaktiv undervisning, og klasseleiing i eit elevaktiv klasserom.*

Nokon såg på nyare tema som verka inn på vurdering:

> *Vurdering og AI.*

Lærarane vart også spurde om dei har delteke i utviklingsarbeid med lærarar ved *andre* skular. Her svarar 62 prosent på tvers av skuletype at dei ikkje har delteke i utviklingsarbeid på tvers av skular. Dersom ein legg til grunn at det kan vera nyttig for lærarar å delta i utviklingsarbeid med lærarar frå andre skular, er det rom for å gjere meir av dette. 35 prosent av lærarane svarar at dei har delteke i utviklingsarbeid på andre skular.

Tabell 11. Har du i forbindelse med LK20/LK20S delteke i utviklingsarbeid med lærarar ved andre skular?

	Ja	Nei	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 514)	35 %	62 %	4 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 512)	35 %	62 %	3 %	100 %
Totalt	**35 %**	**62 %**	**3 %**	**100 %**

Lærarane som svarar at dei har samarbeidd med andre skular i utviklingsarbeidet, kom med eksempel. Totalt utdjupa 280 lærarar svara sine. Ein lærar svara slik:

> *Deling av arbeidsmetoder […], undervisningspraksis og fordeler og ulemper.*

Nokon lærarar arbeidde med tematikkar eller med sentrale omgrep med andre skular. Lærarane ønska at ein tenkjer likt om omgrep og tema frå LK20/LK20S på tvers av skulane når det kom til desse temaa:

> *Overordnet del, Læreplaner for fag, Dybdelæring, Tverrfaglige temaer i overordnet del, Profesjonsfellesskapet.*

> *Elevmedvirkning, lesing i alle fag, hvordan motivere elevene faglig […].*

> *Elevaktiv undervisning, mere lik tanke og gjennomføring på alle skolene.*

Ein lærar nemnde fordelane med å samarbeide med andre skularom tema:

> *Hvordan vi kan jobbe med samme tema, siden elevene skal siden over på ungdomsskolen i nærheten. Da viser det at vi er på samme spor.*

Anna utviklingsarbeid har sett på korleis ein best kan arbeide med LK20/LK20S:

> *Tverrfaglighet og prosjektarbeid. Økt voksentetthet der alle har enda bedre kjennskap til innholdet og er sammen om planleggingen av det tverrfaglige arbeidet.*

Nokon lærarar kommenterer at ein hadde særskild merksemd på vurdering og eksamen:

> *Eksamensavvikling, vurdering.*

> *Diskusjoner rundt kompetansemålene og hvordan muntlige eksamensoppgaver kan lages og gjennomføres.*

> *Eksamen i norskfaget. Kva ligg i kompetansemåla, kva er det forventa at dei skal kunne og korleis skal me arbeide for å førebu dei best mogleg både til eksamen og til vegen vidare i både skule (vgs) og samfunn.*

Har skulen teke seg tid til å evaluera arbeidet med LK20/LK20S undervegs?

Sidan innføringa av LK20/LK20S har skulane arbeidd med å implementere læreplanen. Har skulane teke tid til å evaluera sitt eige arbeid undervegs? Resultata viser at dei færraste (26 prosent) har evaluert arbeidet sitt undervegs. Delen er større for grunnskule enn for vidaregåande skule. Tre av fire har ikkje, eller er usikre på om dei har, evaluert arbeidet undervegs.

Tabell 12. Har skulen teke seg tid til å evaluera arbeidet med LK20/LK20S undervegs?

	Ja	Nei	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 513)	29 %	49 %	22 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 513)	23 %	44 %	33 %	100 %
Totalt	**26 %**	**47 %**	**27 %**	**100 %**

Dei som svara ja på det føregåande spørsmålet vart spurde om kva som var konklusjonen i evalueringa. 170 lærarar utdjupa svara sine. Lærarane peika på kva som fungerte bra, samstundes som dei peika på kva ein kan utvikla vidare for å nå måla i læreplanen.

> *Læreplanverket jobber vi godt med – utfordringene er å finne tid til tverrfaglig samarbeid og å ta hensyn til andre moment som vurdering.*

> *Vi jobber godt med endring av praksis opp mot LK20 men må jobbe mer med elevmedvirkning, motivasjon og underveisvurdering.*

> *Vi er flinke til å jobbe med modulene, og tar det med oss i perioder, men så sklir det ut. Overgangen fra LK06/13 til Fagfornyelsen er stor i forhold til kompetansemål. Målene i fagene er skjøvet nedover trinnene, og mange elever er ikke modne nok for nivå.*

Andre understreker at det er viktig å ha tid til samarbeid i kollegiet:

> *Noe misfornøydhet med at det er forventninger fra ledelsen på utvikling på visse områder uten at det er rammeverk som legger til rette for det […].*

> *At dette er noe vi må ta frem og jobbe med i kollegiet med jevne mellomrom, og at vi må jobbe sammen på tvers av trinn.*

Nokre lærarar kommenterer korleis prosessen rundt arbeidet med LK20/LK20S burde vera i kollegiet:

> *Må se oss tilbake, ikke gå for fort frem.*
>
> *Arbeidet med implementeringen av LK20 er en kontinuerlig prosess og må evalueres flere ganger. I tillegg er det sentralt at alle lærere har eierskap til dette utviklingsarbeidet for å skape endring i praksis.*

Nokre lærarar er ikkje nøgde med arbeidet så langt:

> *Store utfordringer med innføring fordi man ikke har hørt på lærerne i praksisfeltet da man utarbeidet læreplaner og vurdering.*

Andre lærarar seier seg nøgde med arbeidet fram til no:

> *At vi som ansatte stort sett har lik forståing av kunnskapsløftet.*
>
> *Det var svært uheldig at det ble innført ny læreplan mens skolene holdes stengt. Det var mye usikkerhet, mye hindringer til samarbeidet innenfor skolen og på tvers av skolene. Mange av formuleringer i LK er vridde og lite informative.*

Kva må til for å lukkast med LK20/LK20S?

I undersøkinga spurte me lærarane om kva skulen måtte prioritera for å lukkast med nye læreplanar. Her fekk ein også moglegheit til å utdjupa dersom ein hadde andre forslag enn det som var nemnt i spørjeskjemaet. Det var også mogleg å velje fleire svaralternativ.

Utviklingsarbeid i lærarkollegiet er det flest lærarar meiner at må prioriterast framover. Dette gjeld for begge skuleslag, men i aller største grad blant lærarane i grunnskulen, som i større grad enn lærarar ifrå vidaregåande skule meiner at utviklingsarbeid må prioriterast.

Når det kjem til felles kompetanseheving i form av etterutdanning, svarar 40 prosent på tvers av skuletype at dette er viktig å prioritera framover. Her er skilnadane små mellom kva grunnskulelærarane svarar og kva lærarane frå vidaregåande skule svarar.

33 prosent av lærarane, på tvers av skuletype, svarar at individuell kompetanseheving i form av vidareutdanning burde prioriterast. I vidaregåande skule svarar 41 prosent av lærarane at dette må prioriterast, mens 24 prosent i grunnskulen svarar at det same må prioriterast. 13 prosent av lærarane svarar at det var anna enn dei kategoriane dei kunne velje som burde prioriterast for å lukkast med læreplanar.

Tabell 13. Kva meiner du skulen må prioritera framover for å lukkast med nye læreplanar? (Fleire svar mogleg.)

	Utviklingsarbeid i lærarkollegiet	**Individuell kompetanse-heving i form av vidareutdanning**	**Felles kompetanse-heving i form av etterutdanning**	**Anna**
Grunnskule (n: 815)	79 %	24 %	41 %	14 %
Vidaregåande skule (n: 815)	67 %	41 %	40 %	12 %
Totalt	**73 %**	**33 %**	**40 %**	**13 %**

135 lærarar kom med eksempel på kva skulen må prioritere. Nokon nemner tid:

> *Gi tid, det kommer hele tiden flere og flere oppgaver i lærerhverdagen, men ingenting blir fjernet. Reduser arbeidsoppgaver.*
>
> *Gi oss nok tid til å utvikle planer osv. i fellesskap.*

Fleire lærarar etterlyser kursing:

> *Div. kurs rettet mot spesifikke områder vi trenger å utvikle oss på, for eksempel hvordan vi skal møte den stadig økende vold og trusler mot lærere, dysleksi, matematikkvansker osv..*
>
> *Skikkelig fokus på en ting om gangen. Ikke bare videoer i full fart.*
>
> *Kurs/opplæring i KI, hvordan bruk som ressurs og som del av vurdering*

Meir variert undervisning vart også nemnt:

> *Mer variert undervisning, med bruk av læring gjennom praktiske oppgaver, tilgang på materiell og praktiske læringsverksteder/rom, samarbeidstid med lærere og miljøpersonal som har samme klasse eller gruppe.*

Tilliten til lærarane blir også lyfta fram som viktig:

> *Tillit til faggrupper internt på skoler og på tvers av skoler.*

Nokon lyftar fram kvar læraren har eit unytta handlingsrom:

> *Erkjenne læreplanverkets fokus på underveisvurderinger og hvor stort spillerom lærer har der.*

Har ein fått fornya læremidla?

Sidan innføringa av LK20/LK20S har Utdanningsforbundet følgt med på læremiddelsituasjonen i norsk skule. Denne delen av rapporten tek føre seg om lærarane har tilgang på læremiddel som er oppdaterte.

Ein ser at skulane er delte i om ein har fått fornya læremidla i forbindelse med LK20/LK20S. Over halvparten (54 prosent) av lærarane på tvers av skuletype svarar at læremidla for deira fag er fornya i ganske eller i svært stor grad. På den andre sida svarar 28 prosent av lærarane på tvers av skuletype at ein i ganske eller i svært liten grad har fornya læremiddel i forbindelse med LK20/LK20.

I tråd med funn frå tidlegare undersøkingar frå Utdanningsforbundet er det skilnadar mellom læremiddel-situasjonen i grunnskulen og i vidaregåande skule. Det er viktig å legge til at i denne undersøkinga spør me lærarmedlemmer i Utdanningsforbundet imens me i tidlegare undersøkingar har spurt Utdanningsforbundet sine arbeidsplasstillitsvalde.

Andelen som svarar at dei ikkje har fornya læremiddel er høgast i grunnskulen. I grunnskulen er det 35 prosent av lærarane som svarar dette. I vidaregåande skule svarar 22 prosent av lærarane det same.

60 prosent av lærarane frå vidaregåande skule svarar at ein i ganske eller i svært stor grad har fornya læremidla. For grunnskulen svarar 47 prosent av lærarane tilsvarande.

Tabell 14. I kva grad er læremidla i dine fag fornya ved din skule i forbindelse med LK20/LK20S?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 516)	14 %	21 %	17 %	30 %	17 %	2 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 515)	10 %	12 %	16 %	32 %	28 %	3 %	100 %
Totalt	**12 %**	**16 %**	**17 %**	**31 %**	**23 %**	**2 %**	**100 %**

Digitale eller papirbaserte læremiddel?

I spørsmålet om ein har kjøpt inn hovudsakleg digitale eller papirbaserte læremiddel er resultata delte i tre. Ein tredjedel (33 prosent) svarar at det kjøpast inn 50/50 digitale og papirbaserte læremiddel for deira fag. Den andre delen (31 prosent) av lærarane svarar at skulen har kjøpt inn hovudsakleg digitale læremiddel. Den tredje delen (30 prosent) av lærarane svarar at skulen har kjøpt inn hovudsakleg papirbaserte læremiddel.

Resultata viser at det er digitale læremiddel som i hovudsak er prioritert i grunnskulen (42 prosent). Dette har også vore eitt av hovudfunna frå dei føregåande undersøkingane til Utdanningsforbundet. I denne siste undersøkinga svarar 38 prosent at det er kjøpt inn 50/50 digitale og papirbaserte læremiddel

ved deira skule. Lærarar som svarar at det er hovudsakleg papirbaserte læremiddel som er kjøpt inn utgjer 15 prosent av grunnskulelærarane.

I vidaregåande skule vert papirbaserte læremiddel prioritert i hovudsak. 45 prosent av lærarane frå vidaregåande svarar slik. Dette samstemmer med funn frå dei føregåande undersøkingane til Utdanningsforbundet. 29 prosent svarar at ein har kjøpt inn 50/50 digitale og papirbaserte læremiddel i årets undersøking. Det er 19 prosent av lærarane frå vidaregåande skule som svarar at skulen har kjøpt inn digitale læremiddel i hovudsak.

Tabell 15. Har skulen kjøpt inn hovudsakleg digitale eller papirbaserte læremiddel i dine fag?

	Hovudsakleg digitale læremiddel	Hovudsakleg papirbaserte læremiddel	50/50 digitale og papirbaserte læremiddel	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 516)	42 %	15 %	38 %	5 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 512)	19 %	45 %	29 %	8 %	100 %
Totalt	**31 %**	**30 %**	**33 %**	**6 %**	**100 %**

Vidare er det interessant å sjå korleis fordelinga av læremiddel er for trinna i grunnskulen. Det er flest frå barneskulen som svarar at det er kjøpt inn hovudsakleg digitale læremiddel (44 prosent). 40 prosent svarar at det er kjøpt inn 50/50 digitale og papirbaserte læremiddel. Færrast svarar at det er kjøpt inn papirbaserte læremiddel (11 prosent). For ungdomsskulen ser ein at den same rangeringa gjeld, der flest har kjøpt inn digitale læremiddel, og færrast papirbaserte læremiddel.

Tabell 16. Har skulen kjøpt inn hovudsakleg digitale eller papirbaserte læremiddel i dine fag?

	Hovudsakleg digitale læremiddel	Hovudsakleg papirbaserte læremiddel	50/50 digitale og papir-baserte læremiddel	Veit ikkje	Totalt
Barneskule (n: 277)	44 %	11 %	40 %	5 %	100 %
Ungdomsskule (n: 143)	46 %	19 %	29 %	6 %	100 %
Totalt	**45 %**	**14 %**	**37 %**	**5 %**	**100 %**

Skulen si prioritering av digitale og papirbaserte læremiddel samsvarar ikkje med kva lærarane ønsker seg. Lærarane ønsker seg eit større innslag av papirbaserte læremiddel enn det skulane har kjøpt inn.

Flest (53 prosent) oppgir at dei ønsker ei 50/50-fordeling mellom digitale og papirbaserte læremiddel for deira fag. Som vist i tabellen over er det berre 33 prosent av lærarane på tvers av skuletype som svarar at dette er kjøpt inn for deira fag.

39 prosent av lærarane ønsker seg hovudsakleg papirbaserte læremiddel på tvers av skuletype. I førre tabell (tabell 16) er det 30 prosent av lærarane som har dette i hovudsak i faga sine.

Sju prosent av lærarane på tvers av skuletype ønsker seg hovudsakleg digitale læremiddel. I førre tabell (tabell 16) ser ein at 31 prosent av lærarane svarar at digitale læremiddel i hovudsak er kjøpt inn.

I grunnskulen svarer flest lærarar (59 prosent) at dei ønsker seg ei 50/50-fordeling mellom digitale og papirbaserte læremiddel. 47 prosent av lærarane frå vidaregåande skule svarar det same. Dette samsvarar ikkje med kva dei seier skulen har kjøpt inn (sjå tabell 16 over).

35 prosent av lærarane frå grunnskulen svarar at ein ønsker seg hovudsakleg papirbaserte læremiddel. Samstundes svarar berre 15 prosent av lærarane frå grunnskulen at dei har papirbaserte læremiddel tilgjengeleg i hovudsak for faga sine.

I vidaregåande skule svarar 42 prosent av lærarane at dei ønsker hovudsakleg papirbaserte læremiddel for faga sine. Det er 45 prosent av lærarane frå vidaregåande skule som svarar at dei har papirbaserte læremiddel tilgjengeleg for sine fag. Dette kan tyde på at det framleis er slik at det er vanskelegare å ha papirbaserte læremiddel tilgjengeleg for lærarar i grunnskulen enn i vidaregåande skule.

Tabell 17. Kva fordeling mellom digitale og papirbaserte læremiddel ønsker du helst i dine fag?

	Hovudsakleg digitale læremiddel	**Hovudsakleg papirbaserte læremiddel**	**50/50 digitale og papir-baserte læremiddel**	**Veit ikkje**	**Totalt**
Grunnskule (n: 503)	5 %	35 %	59 %	1 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 511)	9 %	42 %	47 %	2 %	100 %
Totalt	**7 %**	**39 %**	**53 %**	**2 %**	**100 %**

Står lærarane fritt til å velje mellom digitale og papirbaserte læremiddel?

Nær halvparten (47 prosent) av lærarane svarar at dei i ganske eller i svært stor grad står fritt til å velje mellom digitale og papirbaserte læremiddel. Lærarar i vidaregåande skule opplever i større grad å stå fritt til dette samanlikna med lærarar i grunnskulen.

På den andre sida svarar 34 prosent av lærarane at ein i ganske eller i svært liten grad står fritt til å velje læremiddel. Her er det skilnadar mellom grunnskulen og vidaregåande skule. 41 prosent av lærarane frå grunnskulen svarar at dei i liten eller i svært liten grad står fritt til å velje. I vidaregåande svarar 26 prosent av lærarane det same.

Tabell 18. I kva grad står du fritt til å velje mellom digitale og papirbaserte læremiddel?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 515)	22 %	19 %	16 %	25 %	17 %	1 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 515)	11 %	15 %	18 %	30 %	23 %	4 %	100 %
Totalt	**17 %**	**17 %**	**17 %**	**27 %**	**20 %**	**2 %**	**100 %**

Kor tilgjengelege er læremidla for elevane?

Lærarane i grunnskulen og vidaregåande vart spurde om dei hadde elevar med nynorsk som hovudmål. 20 prosent på tvers av skuletype svara ja på dette imens 75 prosent av utvalet svara nei.

Tabell 19. Har nokon av dine elevar nynorsk som hovudmål?

	Ja	Nei	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 516)	18 %	82 %	0 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 514)	22 %	68 %	9 %	100 %
Totalt	**20 %**	**75 %**	**5 %**	**100 %**

Lærarane som svara at dei hadde elevar med nynorsk som hovudmål fekk spørsmål om dei har læremidla dei treng på nynorsk. På tvers av skuletype svarar 61 prosent av lærarane at dei i ganske eller i svært stor grad har tilgang på læremiddel på nynorsk. 23 prosent av lærarane på tvers av skuletype svarar at elevane deira med nynorsk som hovudmål i liten eller i svært liten grad har læremidla dei treng på nynorsk.

Det er ein skilnad imellom grunnskule og vidaregåande skule når det kjem til nynorsk. Fleire ifrå grunnskulen enn i vidaregåande skule som svarar at dei har læremiddel på nynorsk til dei som treng det. Dette

trass i at det er fleire som svarar at dei har elevar med nynorsk som hovudmål i vidaregåande skule. På den andre sida ser ein at det også er fleire lærarar ifrå vidaregåande skule enn ifrå grunnskulen som svarar at ein i ganske eller i svært liten grad har læremidla som trengst på nynorsk.

Tabell 20. I kva grad får dine elevar med nynorsk som hovudmål alle læremidla dei treng på nynorsk?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Totalt
Grunnskule (n: 91)	3 %	12 %	18 %	41 %	26 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 114)	14 %	16 %	14 %	41 %	15 %	100 %
Totalt	**9 %**	**14 %**	**16 %**	**41 %**	**20 %**	**100 %**

Lærarane vart spurde om dei har elevar med samisk som første- eller andrespråk. Her svarar seks prosent av lærarane ja, og 90 prosent svarar nei.

Tabell 21. Har nokon av elevane dine samisk som første- eller andrespråk?

	Ja	Nei	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 513)	6 %	94 %	1 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 513)	6 %	87 %	8 %	100 %
Totalt	**6 %**	**90 %**	**4 %**	**100 %**

Lærarane som oppgir at dei har elevar med samisk som første- eller andrespråk vart vidare spurde om i kva grad elevane har læremiddel tilgjengeleg på samisk. 53 prosent svarar at det i liten eller i svært liten grad er tilgjengelege læremiddel på samisk. 11 prosent av lærarane svarar at dette er tilgjengeleg i ganske eller i svært stor grad. 30 prosent svarar at dei ikkje veit om tilgjengelegheita til læremiddel på samisk. Det er viktig å merke seg at talet på respondentar er lågt.

Tabell 22. I kva grad har skulen læremiddel tilgjengelege på samisk?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 28)	32 %	32 %	11 %	4 %	4 %	18 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 29)	24 %	17 %	3 %	14 %	0 %	41 %	100 %
Totalt	**28 %**	**25 %**	**7 %**	**9 %**	**2 %**	**30 %**	**100 %**

Lærarane fekk også spørsmål om ein har elevar som treng spesielt tilrettelagde læremiddel. Totalt er det 77 prosent av lærarane som svarar at dette var tilfelle, imens 21 prosent svarar at dei ikkje har elevar med behov for dette.

Tabell 23. Har du elevar som har behov for spesielt tilrettelagde læremiddel?

	Ja	Nei	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 511)	80 %	18 %	2 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 511)	74 %	23 %	3 %	100 %
Totalt	**77 %**	**21 %**	**2 %**	**100 %**

Me spurde dei som svara ja på føregåande spørsmål (tabell 23) om i kva grad dei universelt utforma eller dei spesielt tilrettelagde læremidla var tilgjengelege for desse elevane. Her svarar flest lærarar på tvers av skuletype at dei i ganske eller i svært liten grad har slike læremiddel tilgjengelege (38 prosent). På den andre sida svarar 35 prosent av lærarane at dei i ganske eller i svært stor grad har slike læremiddel tilgjengelege.

I vidaregåande skule er det 39 prosent av lærarane som svarar at det i ganske eller i svært stor grad er tilgjengeleg læremiddel som er universelt utforma eller som er spesielt tilrettelagde. 30 prosent svarar det same ifrå grunnskulen.

43 prosent av lærarar frå grunnskulen svarar at dei i ganske eller i svært liten grad har tilgjengeleg universelt utforma eller spesielt tilrettelagde læremiddel for deira elevar. Lærarane frå vidaregåande som svarar det same utgjer 33 prosent. Både i grunnskulen og i vidaregåande skule svarar lærarar at elevane ikkje har tilpassa læremiddel tilgjengeleg.

Tabell 24. I kva grad er universelt utforma læremiddel eller spesielt tilrettelagde læremiddel tilgjengelege for desse elevane?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Grunnskule (n: 409)	15 %	28 %	24 %	24 %	6 %	4 %	100 %
Vidaregåande skule (n: 375)	12 %	21 %	26 %	30 %	9 %	3 %	100 %
Totalt	**14 %**	**24 %**	**25 %**	**27 %**	**8 %**	**4 %**	**100 %**

I yrkesfaglege utdanningsprogram trengs det tilgang på utstyr og råvarer som kompetansemåla frå LK20/LK20S krev. Me spurde lærarar som underviser på yrkesfaglege utdanningsprogram om dei har tilgang på dette. Her svarar 36 prosent at ein har tilgang på dette i ganske eller i svært stor grad. 13 prosent av lærarane svarar at ein i ganske eller i svært liten grad har tilgang på dette.

Tabell 25. I kva grad har elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram tilgang på utstyret/råvarene som kompetansemåla LK20/LK20S krev?

	I svært liten grad	I ganske liten grad	I verken stor eller liten grad	I ganske stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje	Totalt
Vidaregåande skule (n: 372)	2 %	11 %	28 %	26 %	10 %	22 %	**100 %**

Lærarane kunne utdjupe vidare om tilgangen på utstyr eller råvarer som LK20/LK20S krev. 54 lærarar valde å gjere dette, og svara indikerer at det er skilnadar mellom skulane. Nokon av lærarane svara at det er planar på plass, men at ein framleis har mangel på oppdaterte system, ressursar til utstyr og råvarer:

> *Det er en plan på innkjøp/fornying av utstyr. Så noe er tilgjengelig, men mye mangler enda.*
>
> *Utstyr er stort sett på plass. Men tid og frikjøp til opplæring i bruk er mangelfullt.*
>
> *Det er ikke penger i kassa, overgang til AFK [Akershus fylkeskommune] betyr sommel med skolebudsjett. Vi får bare høre om innstramminger og kutt. En måned har gått, men ingen får vite når noe er på plass. Heldigvis har vi gammelt utstyr vi kan bruke så lenge det rekker.*
>
> *Vi trenger kurs i digitale programmer som er lisensbasert.*

Ein lærar seier at det er mange faktorar som speler inn på situasjonen ved sin skule:

> *Dette er et kostnads- og budsjettspørsmål. Innkjøp av læremiddel må etterspørres og godkjennes. Resultat avhenger av en masse faktorer, men innkjøp er ikke garantert.*

Andre lærarar svarar at det ikkje er utstyr eller råvarer tilgjengeleg for å nå måla i LK20/LK20S:

> *Hovedproblemet er hverdagen og innkjøp av råvarer for produksjon i fagene, og det mangler også mye utstyr for å tilfredsstille læreplanmålene med relevans til det elevene møter ute i arbeidslivet.*
>
> *For å være rustet til å møte arbeidshverdagen har skolen alt for lite relevant utstyr og dataprogram.*
>
> *Gammelt og utdatert utstyr, få eller ingen planer om fornying.*

Andre lærarar svarar at yrkesfaga vert prioriterte ved deira skule:

> *Vi prioriterer å kjøpe inn utstyr til yrkesfag. Vi har egen leilighet til HO (helse og oppvekst), verksted fullt utstyrt til TIP (teknologi og industrifag og el-verksted som er tilpasset flere elever enn vi har i dag.*
>
> *Vi har bygget en cafe på skolen der elevene får øve på salg, markedsføring, service, økonomi, sikkerhet og administrasjon.*

Kva elles er det lærarane saknar i arbeidet med LK20/LK20S?

Til slutt i undersøkinga vart lærarane spurde om fyljande: Er det noko me ikkje har spurt om i denne undersøkinga eller som du ønsker å legge til? Nokre lærarar valde å kommentere mål i LK20/LK20S:

> *Vi plages sterkt med diffuse læreplanmål!*
>
> *Savner konkrete mål i læreplanen, det kan hjelpe elevene også i å forstå hva de skal lære.*

Nokon lærarar drøftar omgrep frå LK20/LK20S:

> *Norskfaget er, paradoksalt nok, blitt mer overflatisk etter innføringen av omgrepet dybdelæring. Særlig siden tverrfaglige tema stjeler tid og oppmerksomhet fra fagets kjernepunkter. Norskfaget er blitt enda mer overlesset. Det kommer nok av at de som står bak ikke har reell praktisk erfaring fra klasserommet.*

Andre viser eit behov for vidare utvikling:

> *Mye gammel praksis blir den som utøves i klasserommene fordi vi ikke får tid til å utvikle og vurdere løftene vi gjør.*

Til slutt kjem nokre med beskrivingar om læremiddelsituasjonen etter innføringa av LK20/LK20S:

> *Det er heilt hårreisande av politikarar å vedta ein ny læreplan utan at det følgjer med nokon ressursar/pengar til å kjøpe inn nye lærebøker.*
>
> *Jeg opplever at det ikke kjøpes læremiddel, verken papir eller digitalt, pga. økonomi. Landet sparer seg til fant. Stadig nye oppgaver legges til lærernes arbeid/plikter, men det følger ikke med personal, lære- eller hjelpemidler. Hva forventer de egentlig av oss, at vi kan trylle? Vi er flere som vurderer å finne noe annet å drive med.*
>
> *Eg må kome med eit hjartesukk om digitale læremiddel: Det er for lite nynorsk i mange av dei digitale ressursane.*

Litteratur

Utdanningsforbundet (2024). *Er læreplanen LK20/LK20S innført i norsk skule? Tillitsvalde si vurdering.* Rapport 2/2024. https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/publikasjoner/2024/er-lareplanen-lk20lk20s-innfort-i-norsk-skule-arbeidsplasstillitsvalde-si-vurdering/

Utdanningsforbundet (2023). *Læremiddelsituasjonen i norsk skule: arbeidsplasstillitsvalde si vurdering.* Rapport 2/2023. https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/publikasjoner/2023/laremiddelsituasjonen-i-norsk-skule-arbeidsplasstillitsvalde-si-vurdering/

Utdanningsforbundet (2022). *Fagfornyelsen: status, ressurser og partssamarbeid på skolene 2022 – resultater fra en undersøkelse blant arbeidsplasstillitsvalgte*. Rapport 2/2022. https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/publikasjoner/2022/fagfornyelsen-status-ressurser-og-partssamarbeid-pa-skolene-2022--resultater-fra-en-undersokelse-blant-arbeidsplasstillitsvalgte/

Utdanningsforbundet (2021). *Fagfornyelsen: status, ressurser og partssamarbeid på skolene – resultater fra en undersøkelse blant arbeidsplasstillitsvalgte.* Rapport 2/2021. https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/publikasjoner/2021/fagfornyelsen-status-ressurser-og-partssamarbeid-pa-skolene--resultater-fra-en-undersokelse-blant-arbeidsplasstillitsvalgte/

Publikasjonar frå seksjon for samfunn og analyse til no i 2024:

Temanotat

1/2024	Demokratisk deltagelse i skolen – lærernes, tillitsvalgtes og profesjonsfellesskapenes rolle

Faktaark

1:2024	Utdanningsforbundets samarbeidsprosjekter med andre lærerfagforeninger
2:2024	Nøkkeltall for grunnskolen t.o.m. skoleåret 2023/24
3:2024	Emosjonelle og relasjonelle krav i arbeidslivet – barnehage- og grunnskulelærarar sine erfaringar
4:2024	Bolognaprosessen – 25 år med modernisering av høyere utdanning i Europa
5:2024	Vold i arbeidslivet – kvinner mest utsatt
6:2024	Nøkkeltall for barnehagen 2023
7:2024	Vold og trusler i lærerhverdagen – rapporter om lærernes arbeidsmiljø
8:2024	FNs høynivåpanel om lærerprofesjonen – anbefalinger for å sikre alle en kvalifisert lærer

Rapporter

1/2024	Planleggingstid under press – en undersøkelse blant barnehagelærere i Oslo kommune
2/2024	Er læreplanen LK20/LK20S innført i norsk skule? Arbeidsplasstillitsvalde si vurdering

Ressurshefte

1/2024	Statsbudsjettet for 2024 – Utdanningsforbundets innspill og argumentasjon
2/2024	Utdanningsforbundets internasjonale samarbeid om organisasjonsutvikling

kunnskap *kommer* ikke av **seg selv**

UTDANNINGS FORBUNDET

Utdanningsforbundet
Postboks 9191 Grønland, 0134 Oslo
tel +47 24 14 20 00
fax +47 24 14 21 00
utdanningsforbundet.no